

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Nærøyfjorden og Stigen

**Dato:** 04.09. – 05.09.2017

**Tidspunkt:** 09:30, 04.09 – 14:00, 05.09.2017

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralf Distad	Leder	AUR
Olav Turvoll	Nestleder	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SFFK
Iril Schau Johansen	Medlem	HOFK

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Djukastein	MEDL	VOSS

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Hauge	Bjørg Djukastein	VOSS
Stein Inge Ryssdal	Iril Schau Johansen	HOFK

## Merknadar

Iril Schau Johansen deltok på møtet 4. september. Stein Inge Ryssdal deltok på møtet begge dagar, men deltok som styrerepresentant i møte 5. september. RS 14/17 vart diskutert i møte 5. september etter synfaring på Fristølen.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO Aurland  
Gunnar Bergo Plan- og miljøvernsjef Voss kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad

Gunn Åmdal Mongstad

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 30/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 32/17	Referatsaker		
RS 12/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Rapport for landing med helikopter i samband med dugnadsarbeid på Grindaflethytta		2017/1274
RS 13/17	Aurland kommune - mindre endring av reguleringsplan for Dyrdal - område PK6		2017/2625
RS 14/17	Fristølen - foreløpig rapport av vedlikehaldsarbeid		2016/3005
RS 15/17	Statens vegvesen - høyring om endring av løyve for flaumsikring av fv 601 Langhuso - Undredal		2017/82
RS 16/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttale til plan for nydyrkning - gnr. 49/4 - Haugen gard i Aurland kommune		2017/2877
RS 17/17	Referat frå møte om besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet 19. juni 2017		2013/3025
RS 18/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - camping på Stokko og i nærleiken av andre slåttemarkar i verdsarvområdet		2017/2807
RS 19/17	Innkalling til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 29.08.2017		2013/3387
ST 33/17	Delegerte saker		
DS 11/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen		2015/3832
DS 12/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - utvida løyve til helikoptertransport i samband med jordskiftesak		2017/2096
DS 13/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - dispensasjon til inngjerding av salteplassar for å hindre spreiling av skrantesjuke (CWD).		2017/2597
DS 14/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttak av torv til torvtak på Skogastova		2017/5
ST 34/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - bygging av badestamp på Øvste Stigen		2017/2727

## **ST 30/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.09.2017**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 31/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.09.2017**

#### **Vedtak**

Gunn Åmdal Mongstad vart valt til å skriva under møteprotokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

## **ST 32/17 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.09.2017**

Referatsakene (RS) vert lagt fram til orientering. Styret hadde merknader til følgjande RS-saker:

#### **RS 14/17**

Styret var på synfaring til Fristølen 5. september for å sjå på arbeidet på stølshuset på Fristølen. Eigar av stølshuset har lagt fram statusrapport for arbeidet med stølshuset. I rapporten er det med forklaring på endringane som er utført undervegs med bygget. På bakgrunn av rapport og synfaring bad 4 av 6 styremedlemer om at forvaltar legg saka fram til ny behandling i verneområdestyret.

#### **RS 17/17**

Besøksstrategi var tema for styremøtet 4. og 5. september. Styret var på tur til Salthella og Skogane i Dyrdal, og Stigen i Aurlandsfjorden. Det vart sett på tilrettelegging av sti, teltleir, bølger frå båtar på fjorden, og skjøtsel av kulturlandskap. Denne turen og innspel frå referansegruppa på møte 19. juni i år, danna grunnlag for diskusjon om besøksstrategien. Forvaltar legg innspela frå styret inn i utkast til besøksstrategi, og legg denne fram for styret i neste møte. Styret ynskjer å ha klar eit utkast til besøksstrategi som kan sendast på høyring tidleg i 2018.

#### **RS 18/17**

Styret vart orientert om innspel som har kome frå landbruksinteresser om utfordringar knytt til bruk av landbruksareal på Stokko. Det har oppstått problem når same område er tatt i bruk til både landbruksdrift og camping.

Styret ynskjer å ta denne problemstillinga inn i arbeidet med besøksstrategi, og vil invitera grunneigarane til møte for å diskutera løysingar på utfordringane på Stokko.

**RS 12/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Rapport for landing med helikopter i samband med dugnadsarbeid på Grindaflethytta**

**RS 13/17 Aurland kommune - mindre endring av reguleringsplan for Dyrdal - område PK6**

**RS 14/17 Fristølen - foreløpig rapport av vedlikehaldsarbeid**

**RS 15/17 Statens vegvesen - høyring om endring av løyve for flaumsikring av fv 601 Langhuso - Undredal**

**RS 16/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - uttale til plan for nydyrkning - gnr. 49/4 - Haugen gard i Aurland kommune**

**RS 17/17 Referat frå møte om besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet 19. juni 2017**

**RS 18/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - camping på Stokko og i nærleiken av andre slåttemarkar i verdsarvområdet**

**RS 19/17 Innkalling til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 29.08.2017**

## **ST 33/17 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.09.2017**

Delegerte saker vart lagt fram til orientering

**DS 11/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen**

**DS 12/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - utvida løyve til helikoptertransport i samband med jordskiftesak**

**DS 13/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - dispensasjon til inngjerding av salteplassar for å hindre spreing av skrantesjuke (CWD).**

**DS 14/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - uttak av torv til torvtak på Skogastova**

**ST 34/17 Nærøyfjorden landskapsvernombåde - bygging av badestamp på Øvste Stigen**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.09.2017**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Irene og Ottar Stegen løyve til å bygge badestamp på tunet på Øvste Stigen på gnr. 53 bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Badestampen skal vera graven ned i bakken. 75 cm av badestampen kan vera over bakken. Denne delen skal vera kledd med tremateriale. Badestampen er 2,18 meter i diameter.
- Badestampen skal vera stengd med eit topplok når den ikkje er i bruk.
- Dersom badestampen ikkje lenger er i bruk skal den fjernast, og terrenget skal tilbakeførast til slik området var før stampen vart bygd.

Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune for å avklare om det må søkjast om løyve etter anna lovverk i kommunen.